

# Personvernerklæring for mottakarar av helse- og omsorgstenester i Bømlo kommune

Bømlo kommune nyttar og handterer personopplysningar om alle som mottek helse- og omsorgstenester frå Bømlo kommune.

Her finn du informasjon om plikter og rettar for deg som mottek helse- og omsorgstenester i Bømlo kommune.

Andre dokument om personvern finn du [her](#).

## Lov om behandling av personopplysningar

Denne personvernerklæringa følgjer reglane i [lov om behandling av personopplysningar \(personopplysingsloven\) av 15.06.2018](#) med tilhøyrande føresegner.

Rådmannen i Bømlo kommune er etter lova behandlingsansvarleg i Bømlo kommune. Det daglege ansvaret for pliktene til den behandlingsansvarlege er lagt til kommunen sine verksemdsleiarar.

Helsepersonell si behandling av personopplysningar vert i tillegg regulert av [Lov om helsepersonell \(helsepersonellova\) av 02.07.1999](#) med tilhøyrande føresegner.

## Bømlo kommune som helse- og omsorgstenesteytar

Legetenesta, ergo- og fysioterapitenesta, heimebaserte tenester og tenester i institusjon, rus- og psykisk helse, habiliteringstenesta, helsestasjonsteneste, skulehelseteneste, tiltaksteam og tenester til mindreårige flyktingar, utgjer helse- og omsorgstenestene i Bømlo kommune.

For å kunna utføra oppgåvene som er lagt til desse tenesteytarane er det naudsynt å ha tilgang til ulike typar opplysningar om den som får helse- og omsorgstenester. Naudsynte opplysningar kan verta henta frå den einskilde brukar eller frå andre samarbeidande instansar der tenesteytaren i kommunen kan henta inn opplysningar etter samtykke eller med heimel i lov.

Opplysningane skal berre nyttast til det føremålet dei er innhenta, med mindre det er heimel for anna handsaming av opplysningane.

Dersom tenesteytar ikkje har heimel i lov til å innhenta opplysningar frå deg, er det frivillig å gje opplysningar til kommunen sine tenesteytarar. Ver merksam på at dersom du vel å ikkje gje opplysningar, kan det påverka den hjelpa du får.

## Personopplysningar som er registrert

Me registrerer namn og kontaktopplysningar, fødsels- og personnummer og familietilhøve for alle som mottek helse- og omsorgstenester i Bømlo kommune. I tillegg vert alle helseopplysningar som er relevante for tenesteytinga registrert og det vert dokumentert kva tenester som er gjeve i samsvar med helsepersonell si dokumentasjonsplikt.

## Rett til personvern og teieplikt

Alle som utfører tenester som helsepersonell, har teieplikt etter [helsepersonellova kap 5](#). Helsepersonell pliktar å hindra at andre får tilgang eller kjennskap til det han eller ho får vita om nokon sine lekams- eller sjukdomsforhold eller andre personlege tilhøve i eigenskap av å vera helsepersonell.

I nokre tilfelle har helsepersonell rett til å gje personopplysningane vidare. Dette vert og regulert av [helsepersonellova kap. 5](#). Opplysningsrett kan byggja på samtykke eller lovheimel.

Etter [helsepersonellova kap. 6](#) har helsepersonell opplysningsplikt i nokre saker. Det betyr at opplysningar skal gjevast vidare utan hinder av teieplikt. Dette kan mellom anna vera til Statens helsetilsyn og Fylkesmannen i samband med tilsynssaker, opplysningar til naudetatar, kommunal helse- og omsorgsteneste, barnevern og opplysningar i samband med førarkort og sertifikat.

Helsepersonell har meldeplikt etter [helsepersonellova kap. 7](#). Meldeplikta gjeld melding av fødsjar, dødsfall, melding til helseregister i samsvar med forskrift og melding til koordinerande eining i kommune om behov for individuell plan og koordinator.

## Rett til informasjon om handsaminga av personopplysningar

Alle som ber om det, skal få vita korleis opplysningane om eigen person vert handsama.

## Rett til innsyn

Du har rett til innsyn i journalar etter [helsepersonellova § 41](#). For å få innsyn kan du kontakta verksemda som er ansvarleg for journalen og be om å få vita kva opplysningar dei har om deg, kva opplysningane skal nyttast til, og kor dei er innhenta frå. Dette gjeld både elektroniske og manuelle register. Du skal få svar innan 30 dagar.

Me rår til at innsynsretten vert brukt og at du gjev melding til avdelinga det gjeld om feil og manglar i opplysningane som er registrert om deg.

## Retting og sletting

Me rettar av eige tiltak opplysningar som me veit er mangelfulle eller feil. Du kan og krevja at feilaktige eller mangelfulle opplysningar om deg vert retta. Retting av

pasientjournal skal skje i samsvar med reglane i [helsepersonellova § 42](#)

Du kan og krevja at opplysningar om deg som er feilaktige eller misvisande og kjennes belastande, eller opplysningar som openbert ikkje er naudsynte for å gjeva helsehjelp vert sletta, sjå [helsepersonellova § 43](#).

Når du ber om innsyn, retting og sletting, er dette gratis.

## Vidareformidling

Me skal ikkje selja, byta eller på anna vis vidareformidla informasjon av nokon art, om deg, til tredjepart utan at du samtykkjer til dette eller helsepersonell med heimel i lov kan gje vidare informasjonen. Døme på opplysningar som kommunen vidareformidlar er namn, fødsels- og personnummer og takst for legetenester til betalingsformidlar. Namn, fødsels- og personnummer og naudsynte helseopplysningar ved henvisning til spesialisthelsetenesta/ samarbeidande instansar. Reseptar med namn, fødsels- og personnummer og legemiddel/dosering vert vidareformidla elektronisk til apoteka. Vaksinasjonsstatus og moglege biverknader av vaksine vert registrert i Nasjonalt vaksinasjonsregister.

## Dataportabilitet

Dersom du flyttar frå kommunen og skal få helsetenester frå ny kommune eller byter fastlege, kan du etter nærare avtale få opplysningar frå journalen din overført til ny tenesteytar.

## Informasjonstryggleik

Me har etter personopplysningslova ansvar for å syta for at personopplysningane er tilstrekkeleg sikra.

Me har, mellom anna etter prioriteringar frå risikoanalysar, innført rutinar som skal gje naudsynt tryggleik.

Me sikrar at berre dei som treng tilgang til opplysningane for å utføra arbeidsoppgåver har tilgang til dei. Vidare sikrar me at opplysningar ikkje kan endrast eller slettast av andre enn dei som er autorisert til å gjera dette.

Me sikrar at personopplysningane er tilgjengelege når det er naudsynt for å utføra våre arbeidsoppgåver, for å gje deg best mogleg tenester.

Me går gjennom rutinane våre periodisk, slik at tryggleiken til ei kvar tid skal vera så god som mogleg. Dersom me oppdagar at ei rutine ikkje er følgt, vert dette grundig følgt opp.

## Kontakt med Bømlo kommune om personvern

Dersom du har fleire spørsmål om handsaming av personopplysningar kan du ta kontakt med tryggleiksansvarleg Aud Gunn Løklingholm eller personvernombod Christine Grønås Mæland på tlf 53 42 30 00 eller [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no).